

## **Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering**

**Øyvind Strømmen (MDG)** stilte spørsmål om han var inhabil. Strømmen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Strømmen ikkje var inhabil. Strømmen tiltredde saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver kr 200.000 til dagsturhytter i kommunane Samnanger, Stord, Kvam og Fjell, jf retningsliner vedtekne i Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 30.08.2019.
2. Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinene for dagsturhytter i Vestland fylke for perioden 2019-2021 slik det er skissert i saka dagsett 30.08.2019.
3. Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering får delegert mynde til å løyve resterande sum frå løyvinga for 2020, kr 1.200.000,- . Det skal løyvast til seks hytter der kvar løyving er kr 200.000,- Vedtaka vert å melde til Hovudutval for kultur, idrett og integrering.